

Russisk ambassadebil vert med i køyretykortesjen i dag, 17. mai frå kl. 14.00.

16.05.2020



Hans Reidar Kjærland stiller med ambassadebil i kortesjen.

Av om lag 40 køyrety i kortesjen i dag, på 17. mai, finn vi ein russisk ambassadebil 1986 modell, Mercedes 300 SE. Det er Hans Reidar Kjærland som eig og køyrer den 30 år gamle veteranbilen. Han kjøpte bilen i 1989 frå den Sovjetiske ambassaden i Oslo, frå det som seinare vart Russland. Bilen var lite brukt, berre køyrt om lag 15000 km. No er bilen køyrt 180 000 km.

Hans Reidar Kjærland var salssjef i Harding, seinare Schat Harding, på den tida. Han reiste mykje, også i Russland. Såleis kom han i kontakt med handelsdelegasjonen på Ambassaden og fekk løyve til å kjøpa bilen. Det var fyrste gongen at ein slik bil vart seld privat. Ambassaden måtte faktisk søkja UD i Moskva før handelen var godkjend.

Bilen vart køyrt heim til Uskedalen på prøveskilt og var fast i bruk fram til år 2000. Seinare har bilen for det meste stått i garasjen. To gonger har Ambassadebilen vore brukt i brudlaup som transport av brurepar, ein gong på Eidsvoll og ein gong i Kvinnherad.

I september 2019 var bilen 30 år gamal og dermed veteranbil. I dag vert det sett flagg på bilen, ikkje ambassadeflagg, men norske slik det høver seg på Nasjonaldagen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Hans Reidar Kjærland